



## Månadsbrev desember 2024

Hospitering, arbeidslivstrening og OD-dag gjekk fint, og elevane fekk samla inn støtte til Home of Bahati. Ørjan Zazzera Johansen var eit kjekt besøk, og lærarane hadde besøk av Nynorskstafetten på morgonmøtet og ungdomstrinnet av Nynorsksenteret. I Norli sin lesekonkurranse les alle mykje, og ligg godt an på statistikken før siste veka. Det viktigaste er å delta, dvs. at me les boka, og ikkje berre blar fort for å kunna vinna. Me prøvde (delvis) ein ny variant av foreldrekonferansar for 5.-10. klasse, og sjølv om ikkje så mange snakka med faglærarane, opplevde me det som ein grei måte å gjera det på, og utvidar til alle klassar til våren.

**Samarbeidsutvalet** er konstituert, med Solveig Marie Ådneram som leiar og Anders Tjørhom som nestleiar. Me har levert **høyringsvar** på budsjettet, sjølv om det vart ein feil der og FAU vart siterte i media. Orsak! I møtet vart det ikkje tid til å ta opp **trivselsundersøkinga**, men den arbeider me vidare med på skulen, og kjem attende til på neste SU-møte tidleg i januar.

Desember plar vera innhaldsrik, og òg dette året. Me byrjar med **julegrantening** og **morgonsamling** v/6 og 7. klasse måndag 2. desember. Tysdag 3. desember blir det som kjent teatertur for 1.-10. klasse for å sjå **Pinocchio** på Rogaland teater. I tillegg besøkjer alle klassane **Vintensenteret** og **Vinterland** på Sandnes, før ein tur på Dolly Dimple og teaterbesøk. Det kan bli ein lang dag, så smør litt ekstra i matpakken.



Ungdomsskulen går mest rett på på **halvårsprøvar**, og dei byrjar torsdag 5. med norsk hovudmål 8-10, fredag 6. norsk sidemål 10, tysdag 10. engelsk 8-10 og onsdag 11. matematikk 8-10. Lukke til! 13. desember blir det **juleverkstad**. 1.-4. klasse har **skuleonsdag** 18. desember, og **juletrefesten** er 19. desember. Me avsluttar før jul med **julegudsteneste** og **pyjamasdag** 20. desember.

For tida har me ei utfordring på **SFO**, for det har vore ein del fråvær og Nancy Marie er i skrivande stund sjukmeld. Me gjer så godt me kan, og kan halda ope, men med veldig få arbeidslause i Sirdal, er det svært vanskeleg å skaffa same vikar kvar dag. Dermed må de som foreldre vera greie å melda fråvær, tilstadevære og ev. spørsmål i Visma flyt skule, for der ser fleire tilsette det som blir sendt. Mobiltelefonen er til bruk når SFO er på tur, og der får ein dessverre ikkje svar til kvardags.

Mange ynskjer seg **ungdomskort**, men dette vart dessverre ikkje vedteke i kommunestyret under budsjetthandsaminga, så for dei som verkeleg treng det, er det mogleg å søkja **skulehelsetenesta** om økonomisk støtte, t.d. til årskort i skitrek.

Det har kome eit ynskje frå sjåføren på **bussen nordover** om å gje beskjed/spørja om det er plass når ein vil ha med gjester heim, for det er ikkje så mange ekstra sete der.

Ha ei god adventstid og ei fredeleg jull!

Sinnes 28.11.24, Åse-Berit (rektor)

